

# ÅRSRAPPORT OVER VERNE- OG MILJØARBEIDET I 2013

## 1. Opplysningar om arbeidsmiljøutvalet

Lovgrunnlag: Arbeidsmiljølova § 7.

<b>Dato for oppretting:</b>	Utvalet vart konstituert i møtet 10.11.11.
<b>Tal røysteføre:</b>	8 ( 4 frå arbeidstakersida og 4 frå arbeidsgjevarsida)
<b>Deltaking frå personale som er nemnde i aml § 3-3:</b>	Innkalling og møtebok vert rutinemessige sendt til bedriftshelsetenesta (HMS-gruppen AS; Sandviksboder 65B, 5035 Bergen). Deltaking i AMU-møta er også eitt av tiltaka i handlingsplanen for bedriftshelsetenesta.
<b>Leiar i 2013:</b>	Rådmann Ingvild Hjelmteit
<b>Tal møte i 2013:</b>	5

## 2. Hovudpunkt i arbeidet til AMU

Lovgrunnlag: Arbeidsmiljølova § 7-2.

### VEDTAKSSAKER

#### Årsrapport over verne- og miljøarbeidet i 2012

Årsrapport over verne- og miljøarbeidet i 2012 vart godkjent i møtet 12.03.13.

#### Handlingsplan for BHT

Handlingsplan for bedriftshelseteneste i 2013 vart godkjent i møtet 12.03.13.

#### Ressurs til verneombodsarbeid

Ressurs til verneombodsarbeid vart fastsett gjennom vedtak i møtet 23.04.13.

#### Konkurransetsetjing av reinhaldstenester og vaskeri sjukeheimen

AMU gav særskilt uttale i denne saka i møtet 27.05.13.

#### Ny samansetjing i AMU

I møtet 01.10.13 vart det vedtatt å be kommunestyret om å godkjenne ny samansetjing av utvalet. Endringa inneber at politisk deltaking går ut, og at arbeidsgjevar sine 4 representantar med personlege vararepresentantar alle kjem frå administrasjonen. Rådmannen skal ein av desse 4. Endringa inneber ingen endringar for arbeidstakersida. Nytt AMU konstituerte seg i møtet 05.12.13.

### ORIENTERINGSSAKER

<b>Møte:</b>	<b>Tema:</b>
12.03.	Sjukefråværsrapportering for 2012.
12.03.	Prosessen kring nedlegging av Vestbygd barnehage.
23.04.	Kriterium for nedbemanning.
23.04.	Utbygging av Grasdal skule
27.05.	Reduksjon av kapasitet ved Meland sjukeheim i perioden 10.06 – 25.08.

01.10.	Sjukefråværsrapportering for 2. kvartal 2013.
05.12.	Orientering om budsjett 2014 (her gav AMU også særskilt uttale)

### 3. Verneombod

Meland kommune har no 11, mot tidlegare 12 verneområde. (Vestbygd barnehage gjekk ut frå 01.08.13).

Dei verneomboda som ikkje hadde lovpålagt opplæring deltok på grunnopplæring i april 2013, sjå eige punkt om dette. Det vart gjennomført eit halvdags opplæringstiltak 20.11. med BHT som kurshaldar, der tema var helsefremjande arbeidsplassar. HVO har elles hatt møte med verneomboda etter behov.

Det vart gjort nyval på verneombod i oktober/november, og også nyval på HVO.

### 4. Verkemidlar i arbeidsmiljøarbeidet

Lovgrunnlag: Arbeidsmiljølova kap. 3

#### **Internkontrollsystemet**

Det har vore gjennomført 2 revisjonar i 2013. I alt 7 dokument er reviderte. I 2014 vil det bli innført nytt elektronisk HMT-system gjennom regionalt samarbeid. (KF Kvalitetsstyring). Oppstartsmøte for prosjektet vart halde 11. desember.

#### **Avvik**

Det er registrert 49 avviksprotokollar i 2013 (50 rapportar). Dei områda som har flest avvik er framleis inneklime (12 rapportar) og utagerande åtferd frå elevar og brukarar (15 rapportar). Inneklime rapportane kom i hovudsak frå skulane Rossland og Sagstad. På Rossland er det problematikk knytta til symjehallen, og desse avvika er det vanskeleg å lukke. På Sagstad skule er det rapportert om problemstillingar i ulike rom, men nærare undersøkingar, t.d. av fukt har ikkje avdekkja unormale funn. Det er også gjort undersøkingar av ventilasjonsanlegget, og dette fungerer tilfredsstillande. BHT har deltatt på vernerunde på desse to skulane, sjå eige punkt om bedriftshelsetenesta.

Det vart rapportert om 5 skader på arbeidstakarar, ingen av desse var alvorlege etter Arbeidstilsynet sine definisjonar.

Trugslar mot tilsette (i særleg grad NAV og psykisk helseteneste) har vore aukande i 2013, og tryggleiken også for dei tilsette i resepsjonen har vore eit tema gjennom året. Dei mest alvorlege hendingane har vore politimeldte, og m.a. har besøksforbod vore nytta som verkemiddel.

Rådmann og HVO gjekk gjennom avviksrapportane i møte 10.01.14.

#### Utvikling avviksrapportar:

2013	2012	2011	2010	2009	2008
49	45	40	28	57	38

## **Sjukefråvær**

For 2013 låg samla sjukefråvær, dvs både korrtid og langtid, på 8,2%. Dette er om lag på same nivå som i 2012 (8,1%). Kvinner har høgare fråvær enn menn, med 9,4 % mot 3,9%. Det vert elles vist til eiga sak til AMU om sjukefråværet i 2013.

## **Bedriftshelsetenesta**

I samsvar med vedteken handlingsplan har desse tiltaka vore gjennomførte:

- Kurs i å handtere utagerande åtferd for tilsette ved Sagstad og Vestbygd skular.
- Ergonomisk arbeidsplassvurdering Grasdal skule
- Organisasjonsutviklingsopplegg Plan, utbygging og kommunalteknikk
- Vernerunde Sagstad og Rosslund skular.
- Samling med verneomboda.

I tillegg er det gjennomført ytterlegare 4 individuelle arbeidsplassvurderingar etter konkret bestilling. (For desse tiltaka er det henta inn refusjon frå NAV.) Ein del tiltak frå handlingsplanen i 2013 er overførte til 2014.

## **HMT-opplæring**

Det vart i april 2013 gjennomført grunnopplæring i arbeidsmiljø for alle tenesteområdeleiarane, medlemmer i AMU og dei verneomboda som ikkje hadde slik opplæring frå før. Det var i alt 22 kursdeltakarar, og kurshaldar var HMT-seksjonen i Hordaland Fylkeskommune. Føresetnad for godkjenning og tildeling av kursbevis var også innlevering av heimeoppgåve. Dei fleste valde å jobbe gruppevis med denne.

## **5. Arbeidstilsynet**

Våren 2013 vart det jobba med å lukke dei pålegga som vart gitt etter tilsynet ved Sagstad og Rosslund skular i november 2012. Gjennom skriv frå Arbeidstilsynet 10.06.13 vart i alt 6 pålegg lukka, og det stod då att eitt pålegg ( nr 3) som omhandla inneklima, kartlegging og risikovurdering og eitt pålegg (nr 6) som omhandla tidsressurs til verneomboda.

For pålegg nr 3 sendte administrasjonen inn ytterlegare opplysningar og dokumentasjon innan tidsfristen 15.09.13. Det er per dato ikkje motteke respons eller tilbakemelding frå Arbeidstilsynet på dette. For pålegg nr 3 valde administrasjonen med bakgrunn i AMU-vedtak 012/13 å sende inn formell klage på dette pålegget. Det er per dato heller ikkje her kome tilbakemelding frå Arbeidstilsynet.

## **6. Ymse**

### **Interkommunal seniorsamling**

I alt 12 seniormedarbeidarar deltok i januar 2013 på den interkommunale seniorsamlinga. Deltakarevalueringa gav også denne gongen svært godt resultat.

### **Gravid og på jobb**

Prosjektet er avslutta som prosjekt, men det er framleis høve til trekantsamtale mellom leiar, arbeidstakar og kommunejordmor. Kvilestolane vert flytta mellom arbeidsplassane etter behov.

### **Kompetanseutviklingsplanen**

Med grunnlag i den strategiske delen (2012 – 2015) vart det laga tiltaksplanar for det enkelte tenesteområde i 2013.

### **Introduksjonssamlingar for nytilsette**

Det vart gjennomført ei samling i mai og ei i september 2013.

### **Arbeidsmiljøkonferansen i Ulvik**

HVO deltok frå AMU på konferansen i oktober 2013.